

Arkoconsult A/S

Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSEN

Turløype Manger sentrum – klage på omsøkt anlegg

Skriv m/vedlegg frå Arkokonsult dagsett 15.0318, motteke rek. 21.0318.

*Det er med undring vi 2. gongen får tilsendt nabovarsel for opparbeiding av turløype i Manger sentrum. Første gongen var i februar 2017, og vi bad då skriftleg om tilbakemelding før tiltak vart sette i verk, med tanke på evt juridisk bistand, då vi kjende oss overkjørte.*

*I det året som har gått, har vi ikkje høyrt eit «knyst» frå kommunen eller Arkoconsult.*

*Legg ved kopi av vår uttale av 22.02.17, som er like aktuell i dag. Denne gongen bed vi om skriftleg tilbakemelding.*

*5936 MANGER 22.03.18*

*Med helsing*

*Gunnar Jordal*

Arkoconsult As

v/ Tom Andre Sivertsen

5291 VALESTRANDFOSSEN

Gjenpart Radøy kommune, Teknisk/Plan landbrukskontor, 5936 MANGER

#### TURLØYPE MANGER SENTRUM – KLAGE PÅ OMSØKT ANLEGG.

Vi har i dag fått tilsendt nabovarsel fra Arkoconsult As om anlegging turløype etappe 2 i Manger sentrum, og vi har nokre merknader.

#### Først litt historikk for å forklara bakgrunnen:

Underteikna vart utnemnt som distriktslege i Radøy i 1965 og var då ein tur hit og såg på tilhøva. Kommunen hadde då vedteke å byggja ny bustad for legen og vi var og såg på tomta, som då var på det nærmeste klarlagt. Vi ynskte plassering meir oppmot høgdedraget i nordvest for å få meir utsyn, men dette vart avslått av omsyn til friarealet som kommunen ynskte å verna. Kanskje meir viktig dengong enn i dag?

No kjøpte vi eigedomen av kommunen 1974. Ein av grunnane var at den låg så skjerma og usjenert i høve til senterområdet og trafikkstøy m.v.

#### Inngrep i friområde/nærforing til vår bustad:

Vår bustadeigedom grensar opp mot eit relativt lite friområde mellom busetnaden og senterområdet. Vi har no fått tilsendt søknad om anlegg av turløype som går i sløyfe inne på friområdet, til uttale. Som nabo og svært utsett i denne samanheng, er vi skuffa over at ikkje det har vore direkte kontakt med oss tidlegare i planprosessen for denne turløypa slik at vårt syn kunne ha kome fram og vonleg ville ha gitt ei betre løysing.

Friområdet er fastlagt i gjeldande reguleringsplan utan at nokon turveg er vist. Friområdet er ein viktig buffer mellom bustaden og senterområdet og er ikkje meir omfattande enn det må vera. Vegetasjonen her utgjer ein viktig del av denne bufferen m.a. er det 2 aktverdige og freda eiketre. Anleggsplanen viser to turvegar og det vil ikkje vera mykje att av vegetasjonen og det er fare for skade på verna tre ved anlegg av veg og ved ferdsel i nærleiken. Ut frå planføresegnene skal ein og sokje å å ta vare på stadeigen vegetasjon,

Etter planen vi har fått tilsendt, ser vi at huset vårt vert omkransa av turveg på 3 kantar, og topografien er slik at vegen vert liggjande stort sett høgare i terrenget enn huset gjer. Dette kjennest ganske nærgåande for oss med omsyn til innsyn og utsikt. Ikkje minst ved den

*nærføringa som det vert ved soveromsavdelinga i bustaden. Eit anna moment er at evt veglys ved traseen vil forsterke irritasjonsmomentet for dei som blir buande her vi er no. Også sjølve trafikken av tobeinte og firbeinte fører erfaringsmessig med seg eindel ulemper for nærområdet.*

*Etter vårt syn vil det omsøkte inngrepet føra til svært så negative følgjer både for det regulerte frimrådet, vegetasjonen her og vår bustadeigedom. Vi ber difor om at planprosessen vert stoppa til dess alternative løysingar er vurdert.*

*Dersom tiltaket mot formodning vert godkjent er det også viktig for oss at ikkje anleggsarbeidet vert sett i gang før eventuell klage på slikt vedtak er behandla.*

*I det heile er etableringa av turveg ved og kring denne bustaden etter vårt syn så omfattande og nærsagt omklamrande at vi vurderer å søkja juridisk bistand med tanke på evt framtidig reduksjon i omsetningsverdi, og tek atterhald om dette.*

*Helsing*

5936 Manger 24.02.17

*Gunnar Jordal*

*Gjenpart: Radøy kommune Teknisk/Plan landbrukskontor, 5936 Manger*